

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 5/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr: 132

SØKNAD OM TILSKOT – STØLSVEGEN PANORAMAVEGEN – Ø.NØSEN

Stølsvegen søker om kr 2732,50 i tilskot til vedlikehald. Kostnadane til vedlikehald er rekna til kr 5000. Ved årsskifte hadde stølsvegen ei gjeld på kr 382,50 og det er rekna med at andeleigarane dekkar kr 2700 av utgiftene i 2003.

Fjellstyret har normalt gjeve tilskot på 50 % av kostnadsoverslaget utan mva, men har i særlege tilfelle gjeve tilskot på inntil 75 %.

VEDTAK:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 2732,50 til utbetringane. Tilskot blir utbetalt når stølsvegen har lagt fram rekneskap for tiltaket.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 12.2.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsvegen Panoramavegen – Ø.Nøsen v/Alf Bekkevold, 2960 Røn